

Halling- tjøm



Læsblad for Hallinglaget - i Oslo -
-- №R. 2/18

INNHOLD

Innhaldsliste	side	3
Fyriord	side	4
Hallingbu, vår og sumar 2018	side	6
Hallingbu, bilder 2018	side	7
Hallingbu, naudsynt arbeid 2019	side	8
Breksja - Øyvind Brabant	side	9
Elisabeth Kværne - Eldsjel	side	10
Helgekurs med Knut,Sina og Hilde	side	12
Program for hausten	side	13
Trekkspill og folkedans i Oslo	side	14
Bildeside til glede og lyst	side	18
Lagsinformasjon	side	19
Hallinglagsnytt	side	20
Folkedanskeldar	side	21
Styret i Hallinglaget	side	22

Fyriord

Velkomen til ein ny haust i Hallinglaget !

Dansehausten har alt starta opp og takk og pris for at folk kjem!

Oftast er alle på golvet, me dansar og koser oss til særskilt godt dansespel og har det moro. Hallinglaget er kjent for at ein bytter dansepartnere ofte, slik at alle får danse, for dei fleste kjem aleine til øvingane. Når «mange» kjem (meir enn 7 par på golvet) er det ekstra moro. Ikkje vær redd for å kome ein gong i blant, for det er ein særskilt uformell og triveleg dansegjeng som samlast annankvar onsdag. Det også lov til å berre kome og høyre på det fine dansespelet og vere med på den trivelege pauza med kake og kaffi/te.

Rekrutteringa er viktig for heile BLS (Bygdelagssamskipnaden) og alle laga (18 lag i BLS), så alle arbeider med å få med fleire folk. Alle som er med i danserørsla i hovudstaden synes det er særskilt viktig at folkedansen og gamaldansen i Nordahl Bruns gate 22 overlever. Det er sosialt, god trim, sunt og morosamt, utan alko-press og ein særskilt rimeleg aktivitet for folk i alle aldrar. Laga, også Hallinglaget, treng eldsjeler til å dra tilskipingane i hamn, så om du brenn for noko meld deg til teneste så snart som råd! Under Landskappleiken i Trysil vart det utnemnt ein ny æresmedlem, Elisabeth Kværne, ho er ei av eldsjelene frå Valdres. Eg har fått lov til å trykke takketala til henne her i bladet; for tala rørte mange i salen, og ho imponerte alle ved si gode tale. Eg føler også at Valdres må ha særskilt mange eldsjeler som står på for folkemusikken! For Hilmestemnet er stort og no er det ikkje berre Strunkeveka (12-18 år), men også Ministrunk og Mikrostrunk (frå 4-7 år!). Opp mot 150 barn og ungdom får opplæring av dei beste læreskrefta i landet og framsyninga dei hadde på Kulturhuset fredagen var svært imponerande og glede alle som var der.

Underteikna var også i år med på dei «tre store» folkemusikkhendingane som han har vore med på i over 20 år. Fyrst ut er alltid Folkemusikkveka på Ål siste veka i mai, den var bra som alltid og med økende fint vær! Det var då solskinssommaren starta for fullt! Etter det var det Landskappleiken i Trysil siste veka i juni, superbæra den òg – med store konsert-opplevelingar, kappleik- og danseopplevelingar. Eg må gje skryt til Trysil, det er meir enn ein turiststad, dei har brukt noko av pengane dei har tent til å bli ei kulturygd også. Og så fekk eg med meg Hilmestemnet då, betre enn nokon gong. For nokre danseopplevelingar ein kan oppleve der, dei må eg si at satsar på dansen meir enn nokon andre. Eg skulle vel ha vore på Landsfestivalen i gamaldans også, men fekk ikkje med meg det! Det er jo ikkje så lett å få med alt! Deltakinga «frå Hallinglaget» var i år mindre enn vanleg! Så avslutta eg sommaren med ei konsert/teateroppleveling av dei sjeldne: Eg fekk tak i ein billett på 2. rad, til Västanå Teater i Sunne i Värmland, og angra ikkje på det! I år gjekk «Anne Svärd» der, for fulle hus, med Margit Myhr i ei fantastisk hovudrolle. Og det var tre «kjente» lausdansarar frå Norge med: Vetle Springgard, Ådne G. Kolbjørnshus og Jon Bugge Mariussen. Desse karane og Margit sette verkeleg si eiga farge på framsyninga, den var fortøtt av kraft og innsats. For nokre krevjande roller og orkesteret og musikken var makelaus – eg var mektig imponert og skjønar at dei kan det dei driv på med!

Elles satsar Hallinglaget også i år på dansekurs, sjá program på midtsida. Det er både **minikurs** i og eit **stort helgekurs** i hallingspringar helga 27. – 28. oktober med **Knut Skrindo** og **Sina Myhr**. Styret håper at mange vil delta på desse kursa; så meld dykk på.

Nokre lurer kan hende på kvifor underteikna drive på som ein gal for å halde liv i Hallinglaget? Årsaka er at om me må legge ned laget vil dei omlag 4% av verdien i Nordahl Bruns gate gå tapt (verdi ca. 4 millionar). Likeins hytta Hallingbu, med ein verdi på minst 1,5 millionar vil bli overført til Norges Ungdomslag; sjølv om det i «Reglane for Hallinglaget» står at Hallingdal Ungdomslag skal ha verdiane våre! Likeins vil mange andre verdiar går tapt, slik som eignelutane i Hallingdal Husflid og Det norske Teateret. Eg synes dette er grunn god noko for å stå på den heimlege kulturen. Mister ein dette er det i alle fall sikkert at då er «Hallingkulturen» i Hovudstaden over og ut for alltid.

Hallinglaget i Oslo har alltid drive på så godt som det kan med dei ressursane laget har. Det er fint om fleire melder seg inn som medlemer og melder seg til hjelp med styre og stell. Det er særsviktig at fleire blir med! ***Bli med å dans i haust ...***

Leve Hallinglaget og Nordahl Bruns gate 22!

*Beste helsingar frå Terje Grangård,
Leiar i Hallinglaget*



Sensasjonell framsyning etter «lausen» i Trysil; laus klasse B og A som tok pusten av dei fleste! Her må Martin Myhr berømmes: han sa at ingen måtte forlate salen for det kom ein godbit etter tevlinga – og for ein godbit! Martin er jo kompis med Leif Stinnerbom som er sjef for Västanå Teater: men å få heile Orkesteret og omlag ti av danserane frå Sunne i Värmland til å opptre her i eit vanvittig show var imponerande! ...

Men dette fekk nok nokre ekstra folk over til Sunne i sommar! (slik som meg!)

Og to av danserane sikra seg kvar sin siger i laus: Ådne G. Kolbjørnshus vant klasse A og Jon Bugge Mariussen vant klasse B.

Bildet over som er saksa frå FB syner Vetle Springgard i dans med to kvinner, Margit Myhr til høgre! TAKK for denne opplevinga! Meisterfotograf Thor Hauknes hat teke bildet!

Hallingbu, vår og sumar 2018

Det store i vår på Hallingbu er at me har hatt branninspeksjon på hytta og at det etter nye reglar er ein del som må gjerast.

Men før dette har det vori fleire fine turar te hytta, frå tidleg i mars til utover sumaren. Me hadde ein god dugnadstur i mai der me mellom anna vaska hytta inne i alle krokar medan gutane måla og kitta det store glaset i stua. Så var ikkje det eldgamle kjønnsmønsteret værre enn at jentun snekra til og fekk hengt opp ei lang hylle i gangen over glaset, der fekk me satt opp diverse ting som har tatt opp golvplassen Seint på kveld på veg ned att angra me noko på at me ikkje hadde hatt roen te å tenke overnatting, men neste gong?

Spikjikjøtturen fant stad 13 juni der me var 10 stykker. Med god vilje fekk me akkurat plass rundt bordet der det bugna med god mat og stemninga var høg. Tradisjonen tro tok Michel og eg ein symjetur over vatnet. Gisela fekk auge på oss, smatt av seg klærne og stupa uti, og slik kom det te eit nabotreff midtfjords i Ormtjern.

På branninspeksjonen vart det fatta vedtak om følgande:

Takstige må monteras for at kommunens folk skal kunne feie pipa.

Sidan pipa er såpass høg må det monteras ein feieplattform mot pipa slik at feiarane har noko å stå på medan dei held på.

Inne i hytta er feieluka for nært brennbart materiale. Der må me montere ein ildfast skive innafor feieluka, noko Terje meiner er ein enkel sak :)

Nytt bannslokkingssapparat må me også ha.

Når det gjeld peisen er trekken såpass därleg at den er både vond å fyre i samt at det ryker langt over det som er behageleg. Slik kan det fort bli noko uvettug fyring av som kan gje meir sot og større sjansar fe pipebrann.

I september har Terje derfor vori oppe og montera inn ein ventil i stua, det vart ein stor jobb å borre seg gjennom tjukke tømmerveggen der det var manuell borvinde og sag som gjaldt, men han er ikkje den som gjev seg med det fyrste, og på kvelden tikka det inn ei melding:

«Etter å ha drivi på i "mange timer" har eg fått enno meire respekt for dei som sette opp ei tømmerhytte med håndemakt!»

-slik som min gamle bestefar, som kunne reise til skogs med det som trengtes i ein rupesekk: sag, øks/bile, meddragsgjern, borvinde og kniv.»

Takk Terje, så fer me i fyrste omgang sjå og håpe på at ventilen kan hjelpe på trekken.

Den gamle gassblusset er heller ikkje heilt påliteleg lenger så både koketoppen og slangen vil me få skifta ut,

Heldigvis har me fått eit års utsettelse på utbedringane og har heilt til neste høst på oss.

Eg ser ikkje på dette som noko problem, me har så mange snarrådige, dyktige og positive folk i laget så me skal nok få sving på hammer og tang der oppe. Alle er meir enn velkomne uansett kva du kan eller ikkje kan!

God høsthelsing frå Else

Hallingbu, bilder 2018:



Gjengen som var med på spikjikjøtturen i år, frå venstre: Terje Grangård, Else Mohn, Trond Roseth, Jette Iversen, Hilde Hjetland, Geir Røvde Johansen, Johnny Lund og Heidi Wie. Fotograf ; Svein Aasen.



Spikjimaten smakar på Hallingbu, frå venstre Terje, Else, Trond og Hilde. Fotograf: Svein Aasen

Hallingbu, naudsynt arbeid 2019



Taket på Hallingbu har bølgeblick som er 60 år! Det er behandla med Bengalakk/Arkanol for ca 20 år sidan og må tåle «alt» der nye som skal på!



Arrangementet som skal monteres på Hallingbu vil bestå av 2 takstiger à 1 meter og ei pipeplatform som er fin å stå på for feieren! Hallinglaget tar gjerne imot tips om korleis dette kan monteres best!

Her er vår skriftlege tilbakemelding til Brannvesenet på avvika i tilsynsrapporten me fekk:

- **Det er ikke montert takstige på ditt tak:** Vi monterer regulerbare takstiger, som festes i stokkane(rålene) der bølgeblicket er spikret (Type TLS R/3T frå ISLOA er 1 meter lange og har gode festeaneordninger). Det vil brukas farmerskruer med pakning. Vi vil antakeleg trenge 2 slike stiger.
- **Skorsteinen er høgre enn 1,2 meter over tak:** Vi vil montere en feieplattform av type PP-82T frå ISOLA. Her er det viktig å få kjøpt rett lengde og feste den på beste måte i bakkant. Her vil vi innhente råd frå snikkere som vi kjenner. For å treffe eit spikerslag antas det at pipehøge over plattformer kan variere noko mellom 1,1 og 1,3 meter.
- **Sot-/feieluka er for nær brennbart materiale:** Vi vil montere ei eldfast skive innanfor feieluka.
- **Slokkeutstyret manglar vedlikehald:** Vi vil kjøpe inn nytt brannslokkingssapparatet av type ABC.

Alle manglar vil gjennomførast innan 1. september 2019.

Så no er det å håpe at dugnadsånden ikkje er over i Hallinglaget! Laget vil freiste å starte opp dette arbeidet tidleg på våren på Hallingbu. Då er vanlegvis været bra og det er lyst til langt på kveld. Møt opp på dugnaden og opplev hytta og Lillomarka på sitt beste!

Else og Terje

BREKSKA – ØYVIND BRABANT



Denne

CD-plata til Øyvind Brabant er no å få kjøpt i Hallinglaget – den er veldig bra!

Ei stor glede var lanseringa av Øyvind Brabant si siste CD-plate under Landskappleiken i Trysil i sommar. Dette er Øyvind si andre soloplate, den fyrste kom for om lag 20 år sidan og heitte «Vrengja». Platene til Øyvind er særslig gjennomarbeidd og oser av kvalitet tvers igjennom. Særslig fine bilder og omtaler i omslaget og fyldig omtale av slåttane. Dei siste 5 slåttene er opptak frå diverse kappleiker/Landskappleiker Øyvind har delteke på, desse opptaka er særslig levande og gode og med brakande applaus til slutt! Ein stor takk til hans deltaking i A-klassa gjennom mange år.

Hallinglaget skulle gjerne hatt Øyvind nedover ein onsdag for å spele. Men det er ikkje praktisk mogeleg, så lenge han arbeider så jamt og trutt på Felleskjøpet på Gol! Men kanskje om nokre få år når han blir pensjonist? Dette er tidlaus musikk og Øyvind vil alltid vere ein av dei aller beste spelemenn som Hallingdal har fostra. Fram til då får me kose oss med CD-en, som kostar 180.- kr pr. stk. Den er å få kjøpt i Hallinglaget så langt lageret rekk!

Dette skreiv eg i ein E-post etter den forrykande Landskappleiken:

«Denne sommaren må eg berømme Øyvind Brabant, med stort spel, mellom anna ein heil time dansespel under CD-utgjevinga på laurdagen under Landskappleiken i Trysil. Det var så moro at det nok var 50 par på golvet då dansen starta i den store Trysilhallen. Eg var av dei som dansa heile denne timen!»

Tekst og foto Terje Grangård

Elisabeth Kværne - Heidersmedlem i FolkOrg 2018

Elisabeth Kværne er eit døme på ein solid eldsjel og tala hennar gleda alle på Meisterkonserten.



Elisabeth Kværne er født i 1953 og oppvaksen i Skottland, Bærum og i Aurdal i Valdres. Ho har lagt ned ein stor innsats for folkemusikkmiljøet i Valdres på mange ulike område, mellom anna som distriktsmusikar og som kulturskulelærar. Ho er framleis med som instruktør i FolkemusikkUng, eitt av dei pågåande rekrutteringsprosjekta med støtte frå Dextra Musica og FolkOrg. Ho har også førelese både ved Ole Bull Akademiet på Voss og på Norges musikkhøgskole i Oslo. Vidare har Kværne drive med innsamlingsarbeid og arbeidd som folkemusikkarkivar ved Valdres folkemuseum i tillegg til å være gardbrukar heime i Aurdal.

Elisabeth Kværne har også lagt ned ein stor innsats innanfor organisasjonsarbeid og har særleg spelt ei sentral rolle som medlem i Rådet for folkemusikk og folkedans i åra 1990–2004. I ein periode var ho også nestleiar. I tillegg har ho vore med i ei rekke komitear og utval, mellom anna i utvalet som laga utgreiinga om dei norske instrumentbyggjartradisjonane (2009).

Elisabeth Kværne var også ein sentral pådrivar for utgjevingane av Lindeman sine folkemusikknedteikningar, ført i pennen av Øystein Gaukstad. For tida arbeider ho med eit registrerings- og forskingsprosjekt om langeleiken si historie og utvikling i lag med folkemusikk- og instrumentforskaren Bjørn Aksdal.

Elisabeth Kværne har vore aktiv som plateartist og gav mellom anna i 1985 ut albumet *På langeleik*, som ho året etter fekk Spelemannprisen for. Som utøvar har ho også formidla historia om musikken og kjeldene ved ei rekke turnear i regi av Rikskonsertane, åleine og i lag med spelemenn som til dømes Torleiv Bolstad og Hans W. Brimi. I 2005 fekk ho Nord-Aurdal kommune sin kulturpris, og mottok Statens arbeidsstipend for folkekunstnarar i 2006-2007. I 2012 fekk ho RFF-prisen for ein lang og omfattande innsats på ei rekke område for den norske folkemusikken og folkedansen, og i særleg grad langeleiken og langeleikspelet.

Det er ei stor glede for FolkOrg å utnemne Elisabeth Kværne til nytt heidersmedlem i 2018!

Elisabeth si takketale under Meisterkonserten:

Takk til styret i Folkorg for denne æra.

Ta vare på den vare tona, det er den du treng når musikken er vegen vidare.

Ta vare på den nyttige bånsullen, og er du så heldig å få bruk for den bind den deg saman med folk over heile verda!

Ta vare på dansegleda, ikkje tenk på korleis du dansar, men kvifor du ikkje kan sitja stille når toradaren høgg i med ein fengjande galopp eller du lurar på kvifor dei finaste valsane har dei såraste melodiane.

Ta vare på langeleiken, for om instrumentet er svakt og utsatt i folkemusikkmiljøet, fortel historia at den er seig og viljesterk og har noko å gje til nye generasjonar.

Ta vare på munnharpepjengen, for dei er dei kuulaste folka i klassa!

Ta vare på folkemusikkarkiva, dei er ein viktig del av verdsarven, men nokon må sjå dei, bruke dei og forvalte dei med innsikt!

Ta vare på våre nye landsmenn, og møt dei med musikk. Kan hende var det nett ho som landa her i bygda di som trollbatt landsbyen heime med songen sin!

Ta vare på kvardagsmusikken, for den er det mest av, og den er slitesterk!

Ta vare på kulturlandskapet, for det er ramma rundt tankar og handlingsboren kunnskap som berger oss når teknologien, plast og asfalt ikkje lenger gjev oss det vi treng.

Ta vare på store og små fe, dei er referanse i songarven vår, og berre når du har kvilt deg mot ei varm kyrside, eller leita i dagesvis etter eit lam forstår du kvifor dei gjev innhald til hundrevis av songar, lokkar og melodiar.

Sjå opp for lupinar i naturen og i kulturen, dei er strålande vakre og fargar bygda i blendande koloritt nokre veker i bløminga. Men dei fortrenger mangfaldet i grøftekanten og gjer oss fattigare på lokale arter og opplevelingar.

Ta vare på valnemnda i spelemannslaget, dei som tek ti-tals telefonar og lyt høyre alle gode grunnar folk har for ikkje å ta eit tak for fellesskapen.

Ta vare på spelemannen som aldri vart så god som han som støtt vann kappleikar og publikumshjarte. Kan hende treng de ho ein dag også, og kan hende har ho høyrt noko som gjekk andre forbi!

Ta vare på spelemannsenkja! Det var ho som støtta læremeistaren din då han var nær ved å gje opp musikken.

Ikkje lat nokon fortelje dykk at det vi driv med ikkje er verd noko!

For musikken vår er som vadmel, den varmar og held regn og sjøsprøyte ute. Den er din og min, og vi er klare til å dele, til å danse og til å lyde!

Tarådet frå stordansaren Knut Steinsrud med på vegen; Lev i gleda! Og Tøleiv Bolstad sitt ord er minst like viktig no som i hans tid: Du må ha replikk i låtten!

God sumar til dykk alle, kan hende mø sjåast?

Til då: Ta vare på den vare tona, den med den låge tersen, som set seg fast og ber deg leve litt meir med hjarte. Og den høge kvarten, som gjev liv i låtten og spenning i kvardagen!

Elisabeth Kværne

STORT HELGEKURS I HALLINGSPRINGAR

27. - 28. oktober, med Knut Skrindo, Sina Myhr og Hilde Kirkebøen



Laurdag: 27. oktober, kl. 12.00 - 16.00

Sundag: 28. oktober, kl. 12.00 - 16.00

Stad: Storsalen, Nordahl Bruns GT. 22.

Instruktør:

Knut Skrindo, A-klasse dansar frå Oslo som òg er Landskappleikvinnar! Har sjølvstudert dansen i Ål!
Sina Myhr, A-klasse dansar frå Torpo/Ål

Spelkvinne:

Hilde Kirkebøen frå Ål på hardingfele.



**Sina til
venstre**



**Hilde til
høgre**

Mat: Det blir ei god matpause, der alle i Styret vil sørge for dugurdsmaten.

Pris: Kr. 450,- for kurset, som er rimeleg då både mat, kaffi og te er med i prisen!

Superpris for ungdom som vil danse: kr. 300,- (under 23 år).

Påmelding: så snart som råd, og helst innan 21. oktober for planlegging av mat og anna.

Så meld dykk på: E-post til: grangard@online.no eller SMS til 48204652.

Knut Skrindo er A-klasse dansar og vant Dans Hardingfele på Geilo saman med Sissel Rudningen i 2007. Knut har vore Danseleiar i Hallinglaget det siste året og har halde ei rekke Minikurs i hallingspringar. Hallinglaget er svært glad for at Knut vil halde dette kurset for han er ein særslig pedagog (han er lærar på Katedralskolen her i Oslo). Så møt opp, og ein vil finne ut at eit kurs i hallingspringar gjer ein til ein betre dansar – uansett dans!

Sina Myhr, A-klasse dansar frå Torpo/Ål, Sina er ei av dei beste dansejentene som har lært seg kunsten på Hugnadsheim. Ho dansa seg opp i A-klassa med Eirik Fuglesteg Luksengard.

Sina vil syne jentedansen særslig godt; ho er ei av jentene som kan danse og svive på ein slik måte at ein blir fyllt av undring og ho kan forklare kva ho gjer!

Hilde Kirkebøen vil sørge for særslig godt dansespel. Hilde gjester Oslo denne helga og har tidlegare vore Hallinglaget si faste spelkvinne i over 20 år. Så alle som kjenner henne gler seg!

Hallinglaget i Oslo – Hausten 2018

Program i Blåsalen, Nordahl Bruns gt. 22.

Det er springardansing desse onsdagane:

- 29. aug.** Springarøving kl. 19.00. - Helga Myhr spelar
12. sep. Springarøving kl. 19.00. - Sina Myhr spelar
26. sep. Springarøving kl. 19.00. - Åsmund Jotun Fauske spelar
10. okt. Springarøving kl. 19.00. - Eilev og Kjetil M. Myhren spelar
24. okt. Springarøving kl. 19.00. - Sina Myhr spelar
7. nov. Springarøving kl. 19.00. -
21. nov. Springarøving kl. 19.00. -
5. des. Juleavslutning m/ masse dans og mat kl. 19.00 – 22.00

Birger Liahagen trekkspel og Herbjørn Liahagen hardingfele.

Me gjentar suksessen frå i fjar med Birger som spelte så bra for oss.
I år tar han med sonen Herbjørn for ekstra dansespel og show!

Andre viktige hendingar dette halvåret:

Sundag 23. september: Minikurs i hallingspringar,

før Folkedanskvelden kl. 18.00. Instruksjon ved

Knut Skrindo i ein og ein halv time. **Møt opp!**

Etter Minikurset spelar Bærum Spelemannslag i Storsalen!

Sundag 30. september: Hallinglaget er tilskipar av Folkedanskveld

kl. 19.30. Det er Brødrene Kjorstad som spelar så her blir det mange danseglade folk!

27. og 28. oktober: Stort helgekurs i Hallingspringar!

Laurdag og sundag, frå kl. 12.00 – 16.00 begge dagar.

Instruktørar: **Knut Skrindo, A-klasse dansar frå Oslo** og

Sina Myhr, A-klassen dansar frå Torpo/Ål.

Dansespel ved **Hilde Kirkebøen frå Ål.**

Pris: kr 450,- for kurset, der eit måltid mat kvar dag er inkludert i prisen! **Møt opp! – dans deg glad og bli ein betre dansar!**

(NB! Pris for studentar og ungdom under 23 år: 300 kr).

Helga 8. - 11. november: Helga då alt skjer! Sett av helga no!

Folkelarm og Oslo-kappleik på **Riksscena!** Samt **Meisterkonsert** i Operaen på sundagen!

VELKOMNE SKAL DE VERA!

Meir info. på www.hallinglaget.net

KONTAKTPERSONAR:

Terje Grangård (48 20 46 52), (grangard@online.no)

Berit G. Ellefsen (48 04 00 62), (beritsatelier@hotmail.no)

Else Mohn: (95 87 92 70), (helsemor@hotmail.com)

Prosjekt:

Bygda dansar – i Oslo. Trekkspill og folkedans på Oslos ‘dansarstein’ i Ekebergåsen




Av Bjørn Aasheim ©

[Bjørn Aasheim, født og oppvokst i Oslo, med et bankende hjerte for Gamlebyen og Ekeberg og mangeårig medlem i Hallinglaget, spiller en- og toraders durspill. I 2016 tok han en mastergrad i tradisjonskunst, studieretning folkemusikk, ved Høgskolen i Telemark (i dag USN). Bjørn skriver bok om trekkspillet og holder også foredrag om instrumentet. Som ledd i dette arbeidet jobber han med et «PR-stunt» i Ekebergåsen i 2019: «Folkedans til trekkspillmusikk på Oslos ‘dansarstein’». Her forteller han om prosjektet og bakgrunnen for det.]

Myllarguten og «Dansarsteinen» i Kvambekkheia (Seljord)

De fleste av Hallingljoms lesere har hørt om Myllarguten – eller bare Myllaren», som han kalles i spelemannskretser. Mindre trolig er det at de har hørt om «Dansarsteinen», en flat steinformasjon på størrelse med et middels dansegolv i hjertet av «Myllargut-land»: Kvambekkheia i Åmotsdal i Seljord kommune – med utsyn mot Raulandsfjell og «de sju blåner». På denne steinen møttes bygdefolket til dans og løyer i gamle dager, med blant annet den unge Myllarguten som spelemann.



«I gamle dagar samlast unge og gamle på denne steinen til dans, leik og moro. Myllarguten, Jon Kjos og andre kjende spelemenn har spela her.»

(Tekst på skilt som viser opp til Dansar-steinen)

Dansarsteinen i Kvambekkheia (Foto: Frisklivssentralen i Vinje¹)

Myllarguten (1801-1872), med døpenavn Torgeir (el. Tarjei) Augundsson, trådte sine tidligste ungdomsår i disse traktene. Allerede ni år gammel ble han sendt til Åmotsdal på «gjeting» for å bøte på familieøkonomien. Her ble storspelemannen Jon Kjos (1756 - 1826) den ene av hans to viktigste lærermestere (den andre var Øystein Langedrag (1786-1848) fra Seljord). «Myllaren» har således dype røtter i denne delen av Telemark. Veien fra Galleri Nutheim på Rv 134 til Rauland, som går gjennom dette området, kalles da også for Myllargutvegen.

¹ <https://www.facebook.com/frisklivssentralenVinje/posts/627778567379166>


Men «Myllaren» var ikke bare en stedbunden tradisjonsspelemann; han var også en rastløs sjel og en «farende fant», som for vidt omkring på «spelferder» i hele Sør-Norge, ja faktisk – på sine eldre dager – så langt som til København. Disse reisene dekket blant annet store deler av Vestlandet og Bergen – hvor han i 1831, på en café hvor han satt og spilte, møtte violinisten Ole Bull. Bull, som her fikk høre Myllarguten for første gang, ble mektig imponert over «Myllarens» spill, og møtet ble innledningen til et livslangt vennskap mellom de to.

Vennskapet resulterte i at Bull i 1849 fikk hentet Myllarguten til Oslo, hvor det 15. januar ble arrangert en konsert med Myllarguten i Gamle Logen på Grev Wedels plass. Konserten ble en stor suksess, med hele sosieteten og alle fra kulturlivet til stede. Så stor var suksessen at det resulterte i ekstrakonsert og opptreden for kongen.

Konserten i Gamle Logen utgjør et viktig tidsskille i norsk folkemusikk. Fra å være begrenset til bruksmusikk ved små og store hendelser i det gamle bondesamfunnet, ble folkemusikken nå også konsertmusikk, fremført for et lyttende publikum på ulike arenaer. Konserten bidro samtidig til at det ble etablert en kulturell forbindelse mellom bygd og by – og mellom folkemusikken og den klassiske borgerlige musikken.

«Dansarsteinen» i Ekebergåsen i Oslo

Myllargutens konsert skapte i tillegg en forbindelse mellom folkemusikken og Oslo, da dette så vidt vites er første gang denne musikken ble fremført i hovedstaden. «Dansarsteinen» i Kvambekkheia er uløselig knyttet til Myllargutens navn, og til folkemusikk- og folkedanstradisjonen i Telemark. Men om man utvider perspektivet kan den også stå som symbol for spel- og dansetradisjoner i hele landet – med vekt på dansen!



Fotoet viser kunstneren Marina Abramovic sin installasjon «The Scream» i Ekebergparken skulpturpark, som en illustrasjon til Munchs «Skrik», anlagt i nærheten av det stedet hvor Edvard Munch antas å ha stått da han malte sitt berømte bilde, med utsikt til Barcode, Operaen og det nye Munch-museet i Bjørvika.

«Dansarsteinen» i Ekebergåsen (Foto: Bjørn Aasheim)

Bygdelagssamskipnaden (BLS) i Nordahl Bruns gate er i dag hovedarenaen for folkemusikk- og folkedansmiljøet i Oslo. Dette miljøet har i mange år levd sitt eget liv og har i liten grad vært kjent ut over kretsen av dem som frekventerer det. Det er ikke nødvendigvis et problem, men med

manglende rekruttering til folkedansen i Oslo (og landet for øvrig) kan det være behov for å tenke nytt – med sikte på å skape økt oppmerksomhet om denne viktige kulturarven.

Det er her «Dansarsteinen» i Ekebergåsen kommer inn i bildet. Har du ikke hørt om denne steinen, sier du? Det er ikke så rart. Den er nemlig ganske ny, kunstig anlagt for bare noen år siden i forbindelse med opprettelsen av Ekeberg Skulpturpark i 2013, med ca. 35 skulpturer utført av ulike kunstnere, de fleste innen moderne kunst. Selvfølgelig heter den ikke «Dansarsteinen»; navnet har jeg funnet på. Men jeg skulle gjerne sett at den offisielt ble omdøpt til det. Jeg skal prøve å forklare hvorfor.

Steinen eller plattingen det er snakk om er anlagt som et utsiktspunkt i tilknytning til den serbiske kunstneren Marina Abramovic (f. 1946) sin installasjon «The Scream» på det stedet hvor Edvard Munch (1863-1944) antas å ha stått da han malte sitt berømte bilde, med en fantastisk utsikt over det «nye Oslo», med Barcode, Operaen og det nye Munch-museet i Bjørvika i «skremmende» nærhet. Og det er virkelig et postmoderne virvar som møter blikket når man skuer ut over Bjørvika. Det kan derfor virke selvmotsigende, noen vil kanskje mene respektløst, å prøve å etablere denne steinen som Oslos «dansarstein».

Etter et besøk på «Dansarsteinen» i Kvambekkheia under mitt opphold i Rauland oppdaget jeg imidlertid at steinen i Ekebergåsen hadde en slående likhet med Myllargut-steinen i Seljord – bare med motsatt fortegn! Og som kjent: motpoler tiltrekker hverandre. Steinen i Kvambekkheia er formet av naturen selv, mens steinen i Ekebergåsen er kunstig anlagt. Og mens man i Kvambekkheia skuer utover et naturlig eventyrlandskap, faller blikket i Ekebergåsen på stål og betong. Men om man vender seg svakt mot sør-vest, løfter blikket over åsene som omkranser Oslo og lukker øynene, kan man i fantasien se over til Raulandsfjell og langt inn i «de sju blåner» – og kanskje til og med høre lyden av eggende dansespel fra dansen som gikk på Myllargutens dansarstein i Kvambekkheia i forgangne år.

Ved å samle unge og gamle folkedansere til dans på Edvard Munch-steinen i Ekebergåsen kan forbindelsen mellom by og bygd kanskje knyttes på ny, og naturen i byen få nytt liv og ny mening. Og kanskje kan man også vekke til live igjen gamle kunstnertradisjoner på Ekeberg. Før krigen fantes det nemlig en kunstnerkoloni ved navn «Ekebergkolonien» her oppe, med forfatteren Ingeborg Refling Hagen som sentral skikkelse – og med blant andre folkemusikeren og komponisten Eivind Groven fra Telemark, som bodde på Ekeberg, som medlem.

Dette er bakteppet for mitt lille prosjekt. Men la meg tilføye noen ord om trekkspillet. For trekkspillet som danseinstrument er en viktig del av prosjektet.

Trekkspill!

Onde tunger har kalt trekkspillet for «bastarden» i norsk folkemusikk. At trekkspillet ikke helt passer inn i den tradisjonelle folkemusikken er ikke så rart, siden instrumentet først og fremst hører byen og bykulturen til – selv om det også har sterke røtter i tradisjonsrike folkemusikkområder som Hallingdal og Gudbrandsdalen. Andre stikkord for trekkspillet er masseproduksjon og industrialisme. Heller ikke det ord som har en god klang i de tradisjonelle folkemusikkmiljøene.



For mange, forfatteren inkludert, er imidlertid trekkspillet – og særlig durspillet, med sin sterke, lidenskapelige klang og sitt rytmiske sær preg – selve danseinstrumentet fremfor noen. I tillegg har trekkspillet en sterk historie i Oslos østre bydeler – det vil si i Ekebergåsens umiddelbare nærhet.

I kort gåavstand fra Oslo Hospital ved foten av Ekebergåsen ligger Restaurant «Olympen», tidl. Grønland Folketheater, på folkemunne upretensiøst kalt «Lompa». På dette etablissementet, som fungerte som variéteteater tidlig på 1900-tallet og fremover, holdt «trekkspillkongene», brødrene Gotthard og Henry Erichsen, Hartvig Kristoffersen, Wilgot Malmkvist m.fl. hoff med sine enormt populære konserter i instrumentets storhetstid før og etter 1. verdenskrig. Og på samme måte som Myllarguten, holdt trekkspillkongene en like så populær konsert i Gamle Logen 18. oktober 1917 – med kong Haakon som æresgjest – betegnende nok kalt «Kongekonserten».

I tillegg til å være et danseinstrument bidro trekkspillet, som var umåtelig populært blant folk i samfunnets lavere sjikt, til å forløse slumrende musikalske evner i en voksende arbeiderklasse. Ved å sette trekkspillet som byfenomen inn i en folkekulturell sammenheng – /byen – kan broer bygges og nye sammenhenger oppdages.

Sammenfatning

Som man ser er det mange forbindelseslinjer som møtes og mange mulige konfliktlinjer som kan avdekkes i Ekebergåsen og området rundt: gammelt – nytt; sentrum – periferi; folkekultur – industrikultur; folkemusikk – klassisk musikk; modernitet – tradisjon, mm. Men på samme måte som Ekebergtrollet (som bor inne i åsen ☺) sprekker når solen skinner på det, kan det også tenkes at de mulige konfliktlinjene som belyses gjennom mitt lille prosjekt vil kunne hente frem uforløste skapende evner i de kunstarter som berøres.

Og selvsagt bør Hallinglaget være en naturlig deltaker. I Hallingdal er det nemlig dansen, ikke spelemannens tekniske virtuositet, men hans eller hennes evne til å egge danserne til innsats på dansegulvet, som er det avgjørende.

Loddet er kastet! ****



Hallingbu er Hallinglaget si største eige og ligg utruleg vakkert til på ei høgde ovanfor Ormetjern rett vest for Sinober. Her har me faktisk ei lita strandlinje! Bli med og opplev bue! Fotograf: Svein Aasen.



Dølalæte er det mange som set pris på i Hallinglaget. Dei vart nr. 2 i Gruppespel på Landsfestivalen i Skjåk i år. Frontfigurar er Hans Sandum (fele) og Terje Rusten (trekkspel). Dei spelar på Folkedanskvelden 28. oktober! Fotograf: Svein Aasen.

Medlemspengar i Hallinglaget for år 2018

Fullt medlemskap for vaksne: **kr 350,-**.

Fullt medlemskap for studentar og ungdom **under 26 år: kr 200,- Merk!**

For bimedlem, dvs. hovudmedlem i anna lag i BLS: **kr 175,-**

Medlemskap for barn under 15 år: **kr 100,-**

Bankgiro innbetalingskort ligg ved første sendinga etter nyttår, elles er det berre å betale til kontonummeret nedanfor. **Hugs namn på innbetalingskortet!** Betal gjerne, for laget treng pengar for å klare seg! Hallinglagets konto i Cultura Bank er **1254.05.18988**.

Hallinglaget har Vipps til denne konto, med **Vipps** kode: **48034943**

Medlemskap i Hallinglaget gjer deg desse fordelane:

- Reduksjon i pris på samkomer i Hallinglaget, som skipar til lagskveldar, øvingskveldar og kurs i hallingspringar.
 - Rimeleg leige av Hallingbu, hytta vår i Lillomarka med plass til 15 personar.
 - Lagsavisa Hallingljom to gonger i året.
 - Reduksjon i pris på Det norske Teateret mot å syne medlemskort.
 - Redusert pris på Folkedanskveldane i Nordahl Bruns GT. 22. Kvar sundag er det gammaldans, bygdedans, songdans og evt. turdans frå kl. 19.30–23.00.
 - Redusert pris på Kaffistova, Hotell Bondeheimen og Heimen Husflid.
 - Informasjon om andre folkemusikktildelingar i hovudstaden (post/meldingsliste).
-

Hallinglaget har fått eige organisasjonsnummer.

Hallinglaget har fått organisasjonsnummer: **982 732 840**, og er nå registrert både i Enhetsregisteret og Frivillighetregisteret i Brønnøysundregistrene.

Merk dykk at om ein veljar Hallinglaget som grasrotmottakar, får laget få 5 % av det beløp folk tipper for. Dette gjelder for alle spill Norsk tipping har, bortsett frå Flax og Ekstra.


Om du spelar i Norsk tipping er det fint om du også støttar Hallinglaget!

Hallinglaget i Oslo

Webside: www.hallinglaget.net, Facebook: Hallinglaget i Oslo

Hallinglagsnytt

Litt meir om kva som har skjedd sidan sist... Hadde du skrivi noko hadde det vore meir!



Olav Thon fylte 95 år i juni! Hallinglaget helste med eit lite kort og fekk takk tilbake!
Ein stor takk til Olav for hans store bidrag til BLS/Nordahl Bruns gate 22 og Hallingbu!



Hallinglaget ynskjer å selje hardingfela si; ei Einar Løndal fele frå 1983.

Internprisen til laget sine medlemer og kontaktar er kr. 35.000,-

Etter betre prisvurdering og prøving vil fela leggjast ut på finn.no med bilde og lydprøve! Om dei som testar synes felar er verdt meir blir prisen høgre! Pengane vil Hallinglaget bruke til naudsynt vedlikehald på Hallinglaget.

Folkedanskveldar hausten 2018

Dato	Teknisk arrangør / Gruppe/spelemannslag	Minikurs
<u>September '18</u>		
02.	Folkedansnemnda / Farande Fant	Gamaldansvariantar
09.	Hordaringen / Østerdølene	Rørospols,
16.	Symra / De Frilynde	Minuett
23.	Folkedansnemnda / Bærum spelemannslag	Hallingspringar
30.	Hallinglaget / Brødr. Kjorstad	Turdansar
<u>Oktober '18</u>		
07.	Sogn og Fjordaneringen / ????	Bodapolska
14.	Numedalslaget / Farande Fant	Gådans
21.	Hordaringen /Fanteladdene	Finnskogspols
28.	Symra / Dølalæte	Stildans
<u>November. '18</u>		
04.	Sogn og Fjordaneringen / Østerdølene	Bingsjøpolksa
11.	NB! Avlyst (mesterkonsert i Operaen)	Avlyst
18.	Hordaringen / Steinsgårdskroken	Springleik
25.	Symra / Symradern og Att og fram	Stildans
<u>Desember '18</u>		
02.	Sogn og Fjordaneringen / Golaget	Bodapolska
09.	Valdreslaget / Bærum spelemannslag	???

Gammaldans/turdans/songdans i Storsalen, og supertilbod på minikurs i Blåsalen!
Velkommen til Folkedanskveld i Nordahl Bruns GT 22 i Oslo.

Inngang Folkedanskveld: Medlemmer kr 100,- / ikkje-medl. kr 130,- / Studentar kr 50,-

Inngang minikurs: Medlemmer og ikkje-medlemmer **berre kr. 130,- som inkluderer påfølgjande Folkedanskveld!** Berre kr. 80,- for studentar.

Sal av kaffi og vaflar! Alkoholfritt miljø! Alle er velkomne!

Styret i Hallinglaget 2018–2019

Leiar:	Terje Grangård Hoffsveien 45 B, 0377 Oslo	Tlf.: 482 04 652 – mobil E-post: grangard@online.no
Nestleiar:	Berit Grøtt Ellefsen Gåserudgata 2A, 3032 Drammen	Tlf: 480 40 062 – mobil E-post: beritsatelier@hotmail.com
Kasserar:	Gro Sissel Taraldrud Myrlia 51, 1453 Bjørnemyr	Tlf: 480 34 943 – mobil E-post: gst@cultura.no
Skrivar:	Heidi Wie Dyringveien 67, 1385 Asker	Tlf: 975 23 734 – mobil E-post: heidi.wie@asker.kommune.no
Medlemer:	Else Mohn Reshjemvegen 247, 3677 Notodden	Tlf: 958 79 270 – mobil E-post: helsemor@hotmail.com
	Olav Arne Løstegaard Magnetunvegen 5, 3550 Gol	Tlf: 917 90 924 -mobil E-post: olaval1403@osloskolen.no

Bladstyre for Hallingljom:

Leiar: Terje Grangård
Hoffsveien 45 B, 0377 Oslo Tlf: 482 04 652
E-post: grangard@online.no

Medlemer: Else Mohn og Svein Aasen.

Stoff til Hallingljom kan sendast til Terje Grangård eller til ein i Styret.

Hyttestyre for Hallingbu:

Leiar: Else Mohn
Reshjemveien 247, 3677 Notodden Tlf: 958 79 270
E-post: helsemor@hotmail.com

Medlemer: Michel Gascoin og Trond Roseth.

Danseleiar: Knut Skrindo Tlf.: 413 12 790

Revisor: Alix Cordray Tlf.: 917 66 051

Valnemnd: Svein Aasen, Grete Iversen og Sigbjørn Galdal.

Hallinglaget på nettet:

Nettadressa er:www.hallinglaget.net Ansvarleg for nettsidene: Terje Grangård
Sjå også: www.bl.no, www.folkedans.com og www.folkemusikkscena.no.

Hallingbu



{P}{B}

32%